



Eid kommune

Fellesnemnd for Eid og Selje

Delegert sak

Vår ref:

Sak: 18/2095 JpID: 18/14874 Sbh: ÅSK

Dykkar ref.

Vedtaksdato:

01.10.2018

Fastsetjing av administrativ organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune

Vedtak:

1. Stad kommune skal organiserast med to styringsnivå (organisasjons- og fullmaktsnivå), det vil seie rådmannsnivået og einingsnivået. Rådmannen og kommunalsjefar utgjer styringsnivå 1. Einings-/verksemdnivå utgjer styringsnivå 2.
2. Det skal vere eit klart og tydeleg skilje mellom linjeorganisasjon og stabstenester, og organisasjonen skal ha ei klar fordeling av oppgåver og tydelege ansvarslinjer.
3. Det skal leggjast til rette for samarbeid på tvers i ein hierarkisk modell.
4. Einings-/verksemdstrukturen skal vere klar og tydeleg, og den skal vere så oversikteleg og gjenkjenneleg som mogleg. Dette tyder at kommunalområda som hovudregel bør vere inndelte etter fag og tenesteområde, at ein som hovudregel har same type organisatoriske einingar på alle område i kommunen. Vi skal ha felles namn på einingsleiarane, men kan nytte dei mest vanlege og gjenkjennelege nemningane på einingane og leiarfunksjonane.
5. Inndeling i fire kommunalområde med oppgåveportefølje slik det kjem fram i saka: Kommunalområde 1: Oppvekst og opplæring, kommunalområde 2: Helse og omsorg, kommunalområde 3: Areal og eigedom, kommunalområde 4: Kultur og samfunn.
6. Programleiar får mynde til å gjere tilpassingar dersom vidare arbeid med organisasjonsmodell i fase 2 syner behov for justeringar av oppgåveportefølgjen mellom kommunalområda og/e

Saksutgreiing:

Programleiar har gjennom delegert mynde og arbeid i prosjektorganisasjonen hatt fullmakt til å leggje fram ein hovudmodell for administrativ organisasjons- og leiarstruktur for partssamansett utval og fellesnemnda. Desse utvala har i møte 20.09.2018 gitt si støtte til val av hovudmodell. Denne hovudmodellen gir grunnlag for å arbeide vidare med å få på plass ein bemanningsplan og overføring av personell til den nye kommunen. Prosessen fram til uttale er omtalt i sak 052/18 i partssamansett utval og i sak 059/18 i fellesnemnda.


Stad kommune blir organisert med rådmann, fire kommunalområde og tre stabsområde. Rådmannen og kommunalsjefane skal ha ein fagstab med organisatorisk kapasitet til å koordinere verksemdovergripande oppgåver og utfordringar. For å bygge ein organisasjon som oppfyller strategiane våre om å gje ei heilskapleg tenesteyting, samskape og vere nyskapande, må det



etablerast formelle møteplassar og eit felles styringssystem som bidreg til at organisasjonen arbeider mot felles overordna mål.

Det hierarkiske organisasjonskartet gjev eit bilete av dei formelle styringslinjene og den strategiske leiinga av Stad kommune. Detaljane i oppgåveporteføljen, namn og leiarstruktur på einingsnivå vil bli endeleg fastlagt i neste fase av arbeidet.

Administrativt organisasjonskart i Stad kommune



Kommunalområde 1: Oppvekst og opplæring

- Leikvang barnehage
- Selje barnehage
- Flatraket barnehage
- Stårheim barnehage
- Golvsengane barnehage
- Gjerdane barnehage
- Stadlandet skule
- Selje skule
- Flatraket skule
- Stårheim skule
- Haugen skule og barnehage
- Nordfjordeid skule
- Hjelle skule
- Eid ungdomsskule
- Barnevern
- PPT?

Kommunalområde 2: Helse og omsorg

- Helse
- Heimetenesta Stadlandet
- Heimetenesta Selje
- Bryggja omsorgssenter
- Heimetenesta Eid
- Bu- og miljøtenesta Eid
- Seljetunet omsorg og rehabilitering
- Hogatunet bu- og behandlingssenter
- Interkommunale tenester Nordfjord sjukehus

Kommunalområde 3: Areal og eigedom

- Kommunalteknikk
- Plan og forvaltning
- Brann, redning og førebygging
- Eigedomsforvaltning
- Landbruk og utmark (interkommunalt?)

Kommunalområde 4: Kultur og samfunn

- Lokal samfunnsutvikling
- Kulturtilbod og arrangement
- Arbeid og velferd
- Opplæring og integrering

Venleg helsing

Åslaug Krogsæter
programleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur